

# Litteratur i gamle hus - alle arrangementa:

Dato	Tid	Arrangement	Stad
08.03.23	10:00	Formidlingsstund	Bua barnehage
11.05.23	12:00	Dikt & Kaffigodt	Gullsjøhuset, Buavåg
25.09.23	19:00	Roser og blomar i Farteins hage	Valenheimen
05.10.23	19:00	Bokbad Agnes Ravatn	Valenheimen
22.11.23	19:00	Shared Reading	Førde prestegard
11.03.24	18:00	Truls Horvei	Øravik grendahus
19.04.24	19:00	Arnfinn Kolerud	Kaien i Førde
26.10.24	12:00	Bok & Bolle Bibbi og Boffen	Valenheimen
24.10.24	15:00	Skattejakt	Valenheimen
24.10.24	19:00	Skammens mødre – Frihetens smerte	Valestrand kulturkyrkje
25.10.24	18:00	Shared Reading	Valenheimen

## Formidlingsstund Bua barnehage

Formidling av 2 bøker i Bua barnehage: Kristine las «Det er ein elefant i barnehagen» og Anitha las «Hvem vil komme i bursdagen min».

Onsdag 8.3.23, kl. 10:00

Stad: Bua Barnehage



Figur 1 Kristine Thorkildsen les for barna i Bua barnehage.



Figur 2 Anitha Ramsdal les for barna i Bua barnehage.



## Dikt & Kaffigodt

Torsdag 11.5.23, kl. 12:00

Stad: Sjøhuset i Buavåg

Hans Gunther Boneneberger les og spelar frå diktboka "Høytørkeseng".

Me skal vere i naustet Gullsjøhuset i Buavåg, der det ikkje er varme. Så kle deg godt. Frysepinner bør ta med eit teppe.


Dette arrangementet er ein del av prosjektet "Litteratur i gamle hus" som er sponsa av Nasjonalbiblioteket og Gullforeningen er medarrangør.



Figur 3 Gullhuset i Buavågen, Sveio.



Figur 4 Hans Gunther Boneneberger syng i sjøhuset i Buavåg.







## Roser og blomar i Farteins hage

Under prosjektet "Litteratur i gamle hus" Skal me til Valenheimen å høyra om Fartein Valen sine rosar. Grandnevøen Fartein Valen-Sendstad vil fyrst ta oss med ut i hagen for å visa kor dei sto, så har han føredraget "Roser og blomar i Farteins hage".

Støtta av Nasjonalbiblioteket. Medarr.: Valenheimen, Sveio hagelag og Sveio folkebibliotek

Det blir kaffi og kake.

Adresse: Valenheimen, Tittelsnesvegen 709



Gratis

Måndag 25.9.23, kl. 19:00

Stad: Valenheimen



Figur 5 Valenheimen i Valevåg, Sveio.





Torsdag 5.10.23, kl. 19:00

Stad: Valenheimen

Bokbad med Agnes Ravatn. Dørene opnar 19:00. Då får de gryte når de kjem og etter bokbadet blir det vaflar, te og kaffi. Sjølve samtalet startar ca 19:15. Dette blir ein heilaftan!

I Valenheimen er det duka for ravatnsk ironi, satire og humor.

Gratis

Forlaget skriv:

Skattkiste frå Noregs satiredronning!

Agnes Ravatn er ein av Noregs mest morosame og originale skribentar. Her finn du eit rikt utval av Ravatns viktigaste og skarpaste tekstar gjennom femten år.

Vi får bli med Ravatn til konsultasjon hos ein plastikkirurg, til rettleiing i Scientologikyrkja, på blyn-dag, og følge henne i jakta på raske pengar etter ein vond baksmell på skatten.

Gjennom eit mangfold av emne, om alt frå norsk valkamp og (eiga) pornoavhengigheit til konsentrasjonssvikt og livet på bygda, gir Ravatn oss eit friskt perspektiv på moderne kultur og samfunn.

Ravatn har eit observant, underhaldande og kritisk blikk på både politikk og kvardagsliv. Tekstane er tankevekkande og lattervekkande, like sjølvkritiske som samfunnskritiske.

«Det finnes allerede et før og etter Agnes Ravatn i norsk essayistikk», uttalte Morgenbladets jury då dei kåra ho til ein av Noregs beste forfattarar under 35 år.

#### Sitat frå melding

«Ravatn har eit stort komisk talent, og at ho verkar å ha befriande lite behov for å setje latteren fast i halsen på folk: Ho let hum- ringa humre og latteren

runge fritt»

- Eivind Myklebust, Klassekampen

«Solid og underholdende samling av Ravatns "greatest hits"»

- Gro Jørstad Nilsen, Bergens Tidende



Figur 6 Forfattar Agnes Ravatn er snart klar for å bokbadast.





Figur 7 Fartein Valen-Sendstad introduserar Agnes Ravatn.





## Bokspa

Onsdag 22.11.23, kl. 18:30

Stad: Valenheimen

Sveio folkebibliotek har vore så heldig å få ha Bokspa heima hos presten Arild Steinsland. Det er i samband med prosjektet "Litteratur i gamle hus" me vil arrangera Bokspa. Bokspa er høgtlesing av ei novelle og eit dikt. Me foretar stopp undervegs og diskuterer det leseleiar har lest. Leseleiar er Kristine Thorkildsen.

Det er med stor andakt og glede å få lov å vere i eit slikt flott bygg.

Det er plass til 8 stk..

Påmelding til Kristine Thorkildsen:  
kristine.thorkildsen@sveio.kommune.no

Velkommen!

Gratis

**TRULS HORVEI:**  
**MALE MED ORD OG PENSEL**  
**PÅ ØREVIK GRENDAHUS**

Forfattaren fortel om sin sist dikt bok. Og kvifor har han begynt å male og stille ut eigne bilder?

Horvei les og fortel og dikta sine – og har med seg eigne kunstverk.

**KL. 18:00**  
**11. MARS 2024**

GRATIS  
ØREVIK GRENDAHUS  
Liereidvegen 401, 5554 Valevåg,

Arrangementet er ein del av Sveio folkebibliotek sitt prosjekt "Litteratur i gamle hus", som er støttet av Nasjonalbiblioteket.

## Truls Horvei: Male med ord og pensel på Ørevik grendahus

Måndag 11.3.24., kl. 18:00

Stad: Ørevik grendahus

Truls Horvei er ein kjend forfattar i Sunnhordland og på Hordaland. Den pensjonerte journalisten i Haugesunds Avis kom i haust med diktboka Framoverlent i fluktstol (Kapabel forlag). Her tar han ein tur gjennom ein norsk sommar og ein tur til Nice og Malaga. Han skriv dikt om liv og død, aldring, om Gud og om kunst.

Og fluktstolen? Ja, der er det ikkje tid til å sitje lenge om gangen.

Etter pandemien har Horvei nemleg begynt å male, både akvarell og akryl. Han har hatt fleire utstillingar dei siste to åra. Når han kjem til Sveio bibliotek måndag 11. mars kl 18.00, har han ikkje berre med seg den nye boka og andre bøker. Han viser også nokre av kunstverka sine.

- Eg ser på bilda og det å lage kunst som ei forlenging av forfattarskapen min. Eg vil fortelja om boka, om bilda mine. Ja, kvifor må eg mala – er det

ikkje nok med å skrive? seier forfattaren,  
opphaveleg frå Bergen.

Horvei har skrive 11 diktsamlingar og 2  
ungdomsromanar, samt laga fleire CD-ar med  
poesi og musikk. Han debuterte med diktboka  
*Havfruehester* i 1988.

Stad: Ørevik grendahus

GRATIS

Arrangementet er ein del av Sveio folkebibliotek sitt  
prosjekt "Litteratur i gamle hus", som er støtta av  
Nasjonalbiblioteket



Figur 8 Truls Horvei på Ørevik grendahus



Figur 9 Arnfinn Kolerud på Kaien i Førde

## Kåseri med Arnfinn Kolerud

Fredag 19.4.24, kl. 19:00

Stad: Kaien i Førde

Møt forfattaren bak den heilsprø humortrilogien om Vassbygda.

Påmelding til Elin Brit via SMS til 932 35 896 innan måndag 16. april. Servering

Inngang: 250 kr, medlemmer i mållaget: 150 kr

Arrangør: Sveio mållag og Sveio folkebibliotek



Figur 10 Jacob Ravn Ottesen, leiar i Sveio mållag.



## Bok & Bolle i Valenheimen

Laurdag 25.10., kl. 12:00

Stad: Valenheimen

Når ein er sjuk, får du eta så mange hundekjeks du vil. Boffen er veeeeeldig sjuk....

Dette er vår sjukaste hundeførestilling så langt, med hundar og kaninar, kjeks og medisinar, alt på ein gong!

Lengde: 35 min.

Målgruppe: frå 2 år til veldig vaksen

Les meir her om skodespelarane

her: <https://www.bibbiogboffen.com/421198377.html>



Figur 11 Bibbi og Boffen i Valenheimen, Fartein Valen-Sendstad i forgrunnen.

Bli med til Valenheimen!

## Skattejakt i Valenheimen



24.10 - Valenheimen, kl 15.00  
Fartein Valen-Sendstad fortel om  
huset sine skjulte skattar. Gratis



### Skattejakt i Valenheimen

Torsdag 24.10.24, kl. 15:00

Stad: Valenheimen

Historier frå ting i huset med Fartein Valen  
Sendstad.

Det blir kaffidrøs og kake.

GRATIS





## Skammens mødre – Frihetens smerte

Torsdag 24.10., kl. 19:00

Stad: Valestrand kulturkyrkje

Historia startar med ei tenestejente for dei rike i Bergen som blir åleinemor. Boka har bakgrunn i forfattaren si eiga mor si historie frå 50 og 60-talet. Hovudpersonen blir møtt med fordømming av samfunnet og si eiga familie. Ho må ta fortvilte avgjerdslar som får store konsekvensar.

Siste boka i trilogien handlar om 1980-talet. Me får vita korleis kvinnen i fyrste boka opplev traumar frå barndommen og sviket frå fedrane.

Om forfattaren frå forlaget:

Anita Østerbø er oppvokst i Bergen. Nå bor hun på Tysnes, og har jobbet som lærer fram til hun debuterte som forfatter i 2021. Hennes to romaner Skammens mødre og Tatt av sviket ga hun ut på eget forlag, med stor suksess. Den tredje boka i serien, Frihetens smerte, er Østerbøs første bok utgitt av Kagge Forlag.

Arrangementet er støtta av Sveio kommune.

Medarrangør: Valestrand kulturkyrkje

[Sveiobibliotek.hoopla.no:](https://sveiobibliotek.hoopla.no/) Bill. 100,-





## Bokspa

Fredag 25.10., kl. 18:00-19.30

Stad: Valenheimen

Her er alle velkomen og ingen skal førebu noko.  
Lesestunda er lagt opp etter Shared reading-metoden. Me les ei novelle og eit dikt.

Det vil vere «afternoon tea party»-atmosfære(mat og kaffi/te). Det er plass til 30 personar.  
Leseleiarar blir Matthew James Haw, Kristine Thorkildsen og Anitha Ramsdal.

Bill.: 100,-

([sveiobibliotek.hoopla.no/event/bokspa](https://sveiobibliotek.hoopla.no/event/bokspa))



Figur 12 Matthew les for publikum etter Shared Reading metoden i Valenheimen.